



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Aukra kommune
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Vår dato:
01.11.2019

Vår ref:
2017/6388

Dykkar dato:
23.10.2019

Dykkar ref:
17/814

Saksbehandlar, tlf.
Kristin Eide, 71 25 84 33

Aukra kommune Reguleringsplan Tahaugen næringspark Trekking av motsegn

Bakgrunn

Fylkesmannen har mottatt forslag til revidert reguleringsplan for Tahaugen næringspark. Årsaka er at vi i fråsegn av 30.09.2019 har motsegn til planen for manglende avklaring av støy og inntil planen kan dokumentere tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn.

Støy

Vår motsegn til støy gjeld å sikre konkrete krav til anbefalt støynivå for planområdet, og at det må utarbeidast ei støyfagleg utgreiing sidan det er bustader relativt nært moglege støykjelder.

I revidert planførersegn er det gitt konkrete støykrav for planområdet og vår motsegn er imøtekomen på dette området.

Når det gjelder kravet til støyutgreiing har kommunen innhenta informasjon frå næringsaktøren og gjort nærmere greie for at aktiviteten på staden er verkstad, parkering og lager, og at opplevd støy kjem frå køyring til og frå bedrifta. Med grunnlag i kommunens lokalkunnskap og nærmere vurdering aksepterer vi vurderinga om at aktiviteten ikkje vil utfordre anbefalte støygrenser i støyretningsline T-1442 tabell 3. Det er difor ikkje grunn til å krevje støyfagleg utgreiing for å avklare nærmere naudsynte støyskjerdingstiltak i planen.

Med dette trekker Fylkesmannen si motsegn til støy.

Samfunnstryggleik og klima

Fylkesmannen hadde motsegn til planen då den ikkje dokumenterte trygg byggjegrunn jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 28-1, og tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

I revidert planomtale står det mellom anna: «*Grunnen inneholder ikkje spor av ustabil marine avsetninger.*» Tidlegare gravearbeid viser at lausmassane består av «... meget fast leire og grus. I den

nordlige del av planområdet er det faste morenemasser og fjell under jordlaget.» Basert på desse opplysningane har kommunen vurdert at det ikkje er naudsynt med nærmare geotekniske undersøkingar, og ber Fylkesmannen om å trekke motsegna.

Ved vurdering av tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred rår Fylkesmannen til at ein nytter NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*». Rettleiaren er mellom anna retta mot arealplanleggjarar, og inkluderer ein prosedyre for utgreiing av aktsemdsområder med potensiell kvikkleirefare.

Basert på informasjon frå tiltakshavar har kommunen gjort ei vurdering av kvikkleirefarene og konkludert med at det ikkje er naudsynt med ytterlegare undersøkingar. Fylkesmannen trekker motsegna som omhandlar trygg byggjegrunn, jf. pbl. § 28-1, og tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, jf. TEK17 § 7-3.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til revidert plan for Tahaugen næringspark og trekker sine motsegner knytt til støy og samfunnstryggleik.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91